Sunnfjord kommune

# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe

| **Møtedato:** | **25.01.2019** | **Møtestad:** | Møterom Haukedalen, Førde rådhus |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Kirsten Bruland<br>Veronika Jamaris Huus<br>Øyvind Bang-Olsen<br>Stian Jakobsen<br>Elin Enebakk<br>Torill Anita Segtnan<br>Ellen Jensen<br>Kurt Even Andersen<br>Trond Ueland<br>Marit Solheim<br>Jan Birger Moe<br>Lise Mari Haugen<br>Helge Sæterdal<br>Atle Fasteland<br>Ole John Østenstad<br>Øystein Høyvik<br>Malin Moldestad<br><br>Anette Sollid (sak 5) | |

| **Møteleiar**: | **Ole John Østenstad** | **Møtereferent**: | **Malin Moldestad** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 11.01.19**<br>• Gjennomgått og godkjent | | |
| 2 | **Tilbakemelding leiarmøte v/Ole John Østenstad**<br>• Gjennomgang av særskilde lønsordningar og særavtaler som må vurderast i ny organisasjon, nye kommunalsjefar og prosjektleiar skal vurdere kva ordningar som må/skal/kan/ikkje skal vidareførast og kome med tilbakemelding innan 1. mai | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Ole John Østenstad orienterte om arbeidet med delegeringsreglementet, og sak til fellesnemnda<br>• Forslag til datoar for leiarsamling i 2019: 22/5, 20/09 og 26/11 | | |
| 3 | **Organisering av nivået under einingsleiar – rapport frå arbeidsgruppe v/Jan Birger Moe**<br>• Arbeidsgruppa sitt mandat var å utarbeide framlegg til organisering av nivået under einingleiarar (nivå 4): 1) Modellar for organisasjonsstrukturen, 2) kriterium som skal ligge i botnen for oppretting av leiarnivå under einingsleiarar 3) oppgåver og ansvar som nivået under einingsleiarar skal/kan ha<br>  o Arbeidsgruppa drøfta òg stillingstitlar for nivå 4<br>• Arbeidsgruppa presenterte framlegg til to modellar for strukturen under einingsleiar: Linjemodellen og stabsmodellen<br>  o Det må vere ei målsetjing om at organiseringa er lik innanfor kvar sektor, val av modell må gå fram av organisasjonskartet og tilsette må vere kjent med kven som er deira næraste leiar<br>  o Dersom det er fleire leiarar på nivå 4, må det avklarast kven som ev. skal vere einingsleiar sin stadfortredar<br>• I tillegg til lovfesta kriterium og kompetansekrav, vart følgjande kriterium drøfta: Storleik (tal på tilsette/årsverk), tal på fagfelt, lokalitetar (geografisk spreiing) og driftskompleksitet (dagdrift eller døgndrift)<br>  o Arbeidsgruppa konkluderte med at storleik bør vere det avgjerande kriteriet for å etablere ei leiarstilling på nivå 4<br>    ▪ 30 tilsette svarar til ein leiarressurs på nivå 4<br>    ▪ Det bør ikkje opprettast ei leiarstilling på nivå 4 under 50 %<br>    ▪ Fleire fagfelt, geografisk spreiing og kompleks drift er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg for å opprette leiarstillingar på nivå 4<br>  o Når det gjeld storleiken på leiarressursen må det takast omsyn til dei andre kriteria, tal på fagfelt, geografisk spreiing og driftskompleksitet<br>  o Kommunedirektøren må godkjenne leiarstillingar på nivå 4<br>• Arbeidsgruppa har laga ei oversikt over oppgåver og ansvar som kan delegerast frå einingsleiar til leiar på nivå 4<br>  o I hovudsak er det oppgåver knytt til dagleg drift som bør delegerast<br>  o Einingsleiar må utarbeide ei oversikt over kva som faktisk er delegert til leiar på nivå 4 (stillingsinstruks)<br>  o Administrativ styringsgruppe ønskjer at det skal presiserast at einingsleiar skal ha ansvar for økonomi, personal og fag i pkt. 5.3<br>• Administrativ styringsgruppe drøfta forslag om å delegere medarbeidarsamtale til leiar på nivå 4<br>  o Einingsleiar må «eige» medarbeidarsamtalar og skal som hovudregel utføre dei – ikkje mogleg å delegere | | |

<table>
<tr><td></td><td>
<ul><li><ul><li><ul><li>Forventninga om at einingsleiar tek medarbeidarsamtalar må presiserast</li></ul></li>
<li>Det bør likevel vere mogleg å dele denne oppgåva med leiar på nivå 4 i store einingar
<ul><li>Delegering av medarbeidarsamtale bør avklarast med kommunalsjefen</li></ul></li></ul></li>
<li>Drøftinga av stillingstitlar for leiarnivå 4 må ta omsyn til HTA sine stillingskodar og hovudnemning for å identifisere desse i lønssystemet
<ul><li>Arbeidsgruppa konkluderte med at stillingstittlen for det fjerde leiarnivået bør vere assisterande einingsleiar/ styrar/rektor og dagleg leiar SFO</li>
<li>Kva stillingskode desse skal ha avheng av om dei vert plassert i kap. 3, 4 eller 5.</li></ul></li>
<li>Det er ei utfording knytt til stillingstitlar og lønstillegg for tilsette med eit særskild ansvar for eit fagfelt eller koordinering som ikkje oppfyller kriteria for leiarstilling på nivå 4
<ul><li>Det er problematisk at det ulike oppfatningar om kva ein leiar skal gjere, særleg mellom sektorane, og det må differensierast mellom leiarar på nivå 4 og fagansvarlege</li>
<li>Arbeidsgruppa meiner det må setjast ned ei arbeidsgruppe som vurderer dette og kjem med framlegg til retningslinjer for dette i Sunnfjord kommune
<ul><li>Sidan det er snakk om tekniske ordningar knytt til løn vert det sett ned ei ny arbeidsgruppe med personer frå personalnettverket og HTV, og supplering med aktuelle kommunalsjefar</li></ul></li></ul></li>
<li>Prosjektleiar og hovudtillitsvalde skal ha eit drøftingsmøte om rapporten etter møtet</li>
<li>Prosjektleiar godkjenner arbeidsgruppa si tilråding</li></ul>
</td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>4</td><td>
Utlysing av leiarstillingar v/Ole John Østenstad
<ul><li>Det vert lyst ut tre stillingar som kommunalsjef for høvesvis skule, barnehage og kultur
<ul><li>Atle Fasteland har fått nytt arbeid</li></ul></li>
<li>Kommunalsjef for skule tiltrer så snart som mogleg, medan kommunalsjefstillingane for barnehage og kultur vert lyst ut med tiltreding i august</li>
<li>Det vert samkjørt ei annonse for kommunalsjefar og ei annonse for einingsleiarar
<ul><li>Ole John Østenstad skal ha ein samtale med kommunalsjefane om kva einingsleiarstillingar som hastar</li>
<li>Utlysningstekst må vere i samsvar med kriteria for innplassering av leiarar
<ul><li>Utlysningstekst vert sendt til HTV før utlysing</li></ul></li></ul></li>
<li>Malar med grafisk profil vert sendt til Firda</li></ul>
</td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>5</td><td>
Uttale knytt til kommunane sine budsjett og økonomiplanar v/Anette Sollid
<ul><li>Gjennomgang av sak til fellesnemnda</li></ul>
</td><td></td><td></td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | o Ole John Østenstad arbeider med vurderinga av kvar kommune<br>o Endring i lov om eigedomsskatt vil gje utslag for realismekravet<br>• Orientering om det vidare arbeidet med økonomiplan for Sunnfjord kommune v/Lise Mari Haugen | | |
| 6 | **Vakansar**<br>• Evaluering av prosess knytt til tilsetting av prosjekt-/ byggeleiar i Førde kommune v/Elin Enebakk<br>o Det er kome reaksjonar etter utlysinga om korleis den vart handtert – Alle tillitsvalde vart ikkje informert, og i Gaular og Naustdal vart ikkje utlysinga sendt ut til alle<br>o Det er beklageleg, og i framtida skal det som hovudregel lysast ut til alle, og HTV må få kopi slik at dei kan informere sine tillitsvalde<br>• Ledige stillingar som bør avklarast?<br>o Utleigekoordinator Naustdal<br>▪ Stillinga er utlyst, halv stilling. Bakgrunnen er å drive meir profesjonell utleige av anlegg<br>▪ Viktig ar det passer inn i eininga idrett og friluftsliv<br>o Andre<br>▪ Førde: Stillingane fagleiar for ved v/teknisk drift og vaktmeisterstilling som har ansvar for Hjelpemiddelforvaltning blir lyst ut | | |
| 7 | **Fellesnemnda 06.02.19 – gjennomgang av status saker v/Øystein Høyvik**<br>• Fall bort grunna tidsmangel | | |
| 8 | **PSU og fellesnemnda 13.03.19 – gjennomgang av aktuelle saker v/Øystein Høyvik**<br>• Utsett | | |
| 9 | **Kort statusoppdatering frå arbeidsgruppa knytt til bruk av kommunehusa v/Ellen Jensen**<br>• Utsett | | |
| 10 | **Eventuelt**<br>• Status etter gjennomgang av tilsette i dei fire sektorane<br>o I tråd med framdriftsplanen har personalnettverket møtt dei fire sektorane og hatt ein gjennomgang av bemanningsplan og innplassering av tilsette i ny organisasjon<br>▪ Føremålet var å kvalitetssikre status på tilsette (stillingstittel, stillingsprosent, fast/mellombels, permisjonar m.v) og vurdere kva eining dei skal innplasserast i<br>o Kommunalsjefane skal vurdere kva som er tenleg når det gjeld fordeling av oppgåver og tilsette og kome med ei tilråding innan 04.02.19<br>▪ Kommunalsjefar og aktuelle einingsleiarar tek ein samtale med tilsette som har forskjellige oppgåver | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | som i ny organisasjon vil sortere etter fleire einingar, og kartlegg status hos den einskilde<br>o Den 8. februar vert det lagt opp til gjennomgang og drøfting av bemanningsplanar med HTV, der vert det avgjort om det er naudsynt med vidare kartlegging av enkelte tilsette<br>o Innplassering vil bli endeleg drøfta og vedteke 22. mars etter handsaming i omstillingsutvalet<br>o Jan Birger Moe lagar eit informasjonsskriv som tydeleggjer denne prosessen, det vert sendt til alle tilsette i kommunane<br>• Følgjande saker fall bort grunna tidsmangel og vert utsett eller avklart etter møtet:<br>o Oppretting av arbeidsgrupper<br>▪ Turnusplanleggar og vikarpool<br>o Koordinerande eining<br>▪ Tverrgåande arbeidsgruppe med skule og barnehage<br>o Samling reinhald – dekking av kostnadar<br>o Innkjøpssamarbeid | JBM | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*